- Vishal Mangalwadi (1949-) er født og oppvokst i India, der han studerte filosofi. Han er kjent som ein kristen filosof, forfattar, førelesar og politisk kommentator.



INDISK FILOSOF OG FORFATTAR:
Vishal Mangalwadi er kjent som ein kristen filosof, forfattar, førelesar og politisk kommentator. (Foto: Capdave1/Creative Commons)

- I 1976 busette han seg i Chhatapur-distriktet, der han starta opp fleire kreative prosjekt for å hjelpe fattige på den indiske landsbygda.

- Hans kamp mot undertrykking og korrupsjon bidro til å hindra oppbløminga av enkebrenning, og førte til ei politisk organisering av bønder og andre i det lavkastebaserte føydalsystemet.

- Vishal har skrive 20 bøker. Christianity Today omtalar han som «Indias fremste kristne intellektuelle figur».

- I 2009 publiserte han den amerikanske utgåva av boka «Truth and Transformation», der han oppmuntrar lokale kyrkjer rundt om i verda til å doble opp som læringsentre, med tilbod om gratis internettbasert høgskuleutdanning.

- Denne visjonen er no institusjonalisert i to organisasjonar: CACHE (Church and Community Centered Higher Education) implementerar den i Afrika og andre ikkje-vestlege nasjonar, medan Virtues Inc. implementerar konseptet i USA.

fridomen. Han har gått mest ut over dei veikaste, borna. Det er berre evangeliet som kan gje verkeleg fridom.

Det er på tide å turka støvet av Bibelen. I dei bibelske sanningane er det framleis kraft til å omskapa både den einskilde og samfunnet. Mange hugsar kanskje forteljinga i Augustins «Bekjennelser» om veslebarnt sin song til kyrkjefaderen då han låg i hagen sin i indre strid og sjelekval: «Ta og les!»



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send **VIPPS** til **13130** (valgfritt beløp)
Send **SMS "BK VENN"** til **2210** (kr. 100)





I ÅSANE KIRKE

Babysang for de minste

› Mandag og torsdag kl 12.00

Kom og bli med på babysang i det flotte kirkerommet i Åsane kirke! Sammen synger vi velkjente barnesanger og regler. Sangene gjør vi levende ved hjelp av bevegelser og sansestimulering.

Aktiviteter for de større

- › Løvegjengen (4-åringer)
- › Førskolegruppe
- › Formingsaktiviteter
- › Leker og materiell
- › Lekerom og gymrom
- › Snekkerbod

Andre aktiviteter og fellesarrangementer

- › Felles samlingsstund
- › Karneval og julefest
- › Turdager/utflukter
- › Åpne familiedager
- › Internasjonal dag
- › Babymassasjekurs

Se vår hjemmeside www.aasanemenighet.no og Stjernen Åpen barnehages Facebook-side «Stjernen Åpen barnehage». Her finner du info om hva som skjer i tiden som kommer. Har du spørsmål? Kontakt styrer Kate Bølstad: 55 36 22 62 / 917 24 471. Hjertelig velkommen!



www.aasanemenighet.no



Et påskehefte for sjelen, tanken og hjertet



For andre året på rad utgir Vårt Land forlag påskeheftet **Stille uke**.

Måltidet står sentralt i årets utgave av Stille uke; både Jesu siste måltid med sine venner og det helt alminnelige måltidet vi inntar hver dag.

Her kan du blant annet lese Karen Blixen-klassikeren Babettes gjestebud, nyskrevne tekster av Vigdis Hjorth og Birger Emanuelsen, prekener av Nils Terje Andersen og Silje Kvamme Bjørndal og intervjuer med mesterkokk Tom Victor Gausdal, eller syng med til Sindre Skeies spesialskrevne salme *Dekk et bord*.

Heftet inneholder også et intervju med den finske teologen og forfatteren Patrik Hagman, som blant annet sier at i et kristent perspektiv «lever vi i en større virkelighet, Guds virkelighet, som er tidløs».

Kunstnerne Håvard Vikhagen og Tone Indrebø har bidratt med vakre bilder.

Mer informasjon: vlforglag.no

Om atomkraft og Guds eksistens



HVA ER ALTERNATIVET?: «Som med atomkraften kan det skje at vi glemmer å spørre «hva er alternativet?», og så kan det være at vi ender opp med å vrake både Gud og våre felleskap» skriver Hans-Christian Küspert. (Illustrasjon: Ikata kjernekraftverk i Japan ble bygget i 1971, og er et av verdens største)

TV-programmet Folkeopplysningen på NRK hadde i fjor høst et program om atomkraft. Der kom det frem at folk stort sett tror at atomkraft er både forurensende og farlig. Begge deler viser seg å ikke stemme.

AV HANS-CHRISTIAN KÜSPERT • KAPELLAN I ÅSANE MENIGHET

Atomkraft er en ren energikilde. Det produseres riktignok små mengder radioaktivt avfall, men dette tar ikke stor plass, og kan uten problemer lagres trygt.

Atomkraft er heller ikke farlig sammenlignet med det meste annet. Det har bare vært tre ulykker i atomkraftens 70 år lange historie. En ulykke i USA som tok null menneskeliv, en i Japan (Fukushima) som tok null menneskeliv, og Tsjernobyl-ulykken i Ukraina der anslaget varierer, men de mest konservative anslagene er på 85-90 tapte menneskeliv.

Nå er det ikke slik at jeg vil argumentere for at atomkraft er bedre enn alle andre former for kraftverk. Det sier seg selv at en helt ren og helt fornybar energikilde som vannkraft er bedre enn atomkraft, i alle fall om man ikke bryr seg om

fossers estetikk. Problemet er at vi har begrenset med vannkraft, sammenlignet med jordens økende behov for energi, og utbyggingen av andre fornybare energikilder (bølgekraft, vindkraft og solenergi) krever tid, og vil ikke kunne erstatte atomkraften på kort sikt.

Når vi møter en utfordring som er skremmende, er det ikke alltid at vi tenker rasjonelt og spør oss selv: hva er alternativet? Derfor ble det også en voldsom opposisjon mot atomkraft i etterkant av tsunamien i Japan, og Fukushima-ulykken. I en tilstand av frykt krevde for eksempel den tyske befolkningen at atomkraftverkene måtte avvikles, ja, noen mente at de burde stenges umiddelbart. Få spurte seg om hva som er alternativet.



I vår frihet, rikdom og ateisme er vi mer deprimerte enn noen gang, vi tar våre egne liv, og vi sliter med moralsk forfall. Det skjer mye godt i Norge i dag, og jeg er lykkelig for å få leve i en opplyst og moderne tid. Men i stedet for å vrake Gud og kristendommen når den skaper anstøt, bør vi prøve å lære mer om Gud og forstå ham bedre, og jobbe med å skape gode og trygge kristne felleskap som vi kan være stolte av å tilhøre.

Troen kommer neppe noensinne å bli helt enkel å forholde seg til, og våre felleskap og organisasjoner kommer til å være preget av at vi som mennesker ikke er feilfrie, men jeg er overbevist om at den både på kort og lang sikt er å foretrekke for alle alternativer.

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvant år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

For sannheten er at alternativet på kort sikt er kullkraft. Kullkraft dreper planeten vår og er utvilsomt den mest klima-fiendtlige energikilden vi har. I tillegg dreper forurensing fra kullkraft 22.000 mennesker bare i Europa hvert år. Hadde vi med andre ord være mer rasjonelle, hadde vi sagt ja til den atomkraften vi hadde, og hadde bygget ut flere atomkraftverk.

Som rasjonelle vestlige mennesker som leser i Bibelen og om kristen historie, møter vi av og til på utfordringer. Vi opplever eller leser om forferdelige ting, og spør hvordan en god og allmektig Gud kan tillate slik ondskap, eller om han til og med har skapt ondskapen. Eller vi ser på hva religion, inkludert kristendommen, har gjort og gjør av alle slags misgjeringer, gjerne i Guds navn, og tenker at vi ikke kan tilhøre slik en korrumpert og ond gruppe.

Og som med atomkraften kan det skje at vi glemmer å spørre «hva er alternativet?», og så kan det være at vi ender opp med å vrake både Gud og våre felleskap, og sitter igjen frie og tilfredse. Problemet er at det gang på gang viser seg at alternativet ikke nødvendigvis er så veldig tilfredsstillende.

Kjære leser!



Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen
Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene i Asane prosti


 www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook 

EIDSVÅG AUTO AS

Aut. bilverksted • Karrosseri
Lakkeringsverksted
Eidsvågbacken 21 - 5105 Eidsvåg

 **GODKJENT VERKSTED**

Tlf. 55 25 10 20

 **ASTRI VÅRDAL**

Statsautorisert revisor/autorisert regnskapsfører

Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.
Regnskapsføring

Ytre Arna Mail: astri@vaardal.no
Tlf: 55 53 14 94 Nettside: <http://www.vaardal.no>

 **Rolf's Matbu og Selskapservice**

EIDSVÅG I ÅSANE • 28 ÅRS ERFARING

Vi leverer eller du henter!

VI LAGER MAT TIL:

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane
Tlf: 55 29 26 32 • post@rolfsmatbu.no
www.rolfsmatbu.no

Advokatfirmaet

Sigrun Pedersen M.N.A.

Arv/gaver
Barnerett
Familierett
– sambo/ekteskap
Samlivsbrudd
Kjøp/salg fast eiendom
– bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

Tlf.: 55 18 86 00
advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

 **TOPPE BLOMSTER**
- fra hjerte til hjerte

Alltid en anledning!

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00

 **Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg
Tlf. 55 53 98 40
www.jcinterior.no

Besøk en av Norges største shop in shop 

Ull er omsorg

 **JANUS**
www.janus.no
Since 1895




Besøk oss gjerne på Janus Kultursenter på Espeland 

Musikktipset

Brev til Bach

MAGNE FONN HAFSKOR



«Tidens største komponist» høres ikke ut som en floskel når du snakker om Johann Sebastian Bach. Han skrev svært anvendelig musikk som passer til de fleste anledninger. Det er likevel noe høystemt over den, som om den tilhører en høyere sfære, slik at når Nina Simone, The Beatles og utallige

andre fletter inn et Bach-tema i musikken, får den umiddelbart et preg av evighet over seg.

Musikken hans er også svært slitesterk, og tåler nesten hvilken som helst behandling, enten den formidles via Swingle Singers vokalakrobatikk, Jacques Lossiers og Uri Caines svingende jazz, Wendy Carlos' flerstemte Moog-innspillinger eller moderne tolkninger fra pianisten Víkingur Ólafsson og cellisten Peter Gregson. Bach slutter aldri å fascinere.

Slik er det også for jødisk-israelske Achinoam Nini, som enkelte muligens husker fra hun, sammen med arabisk-israelske Mira Awad, representerte Israel i Eurovision Song Contest 2009. Deres fredshymne There Must Be Another Way endte til slutt på 16. plass (Norge og Alexander Rybak vant med Fairytale).

Under kunstnernavnet Noa har hun gitt ut en rekke album sammen med gitaristen Gil Dor, og det er også han som akkompagnerer henne på det siste i rekken, med tittelen Letters to Bach. Dette består av 12 av Bachs instrumentaltstykker, som Noa så har improvisert egne tekster over. Disse fremfører hun i en blanding av scat-synging, rap og opera – og ja, svært melodiest og svingende, slik at det nesten er umulig å sitte stille til dem.

Sett denne på som en avveksling fra mer eller mindre gode påskekrim-serier på tv – eller hvorfor ikke på skituren? Selv påskefjellet kler Bachs evige toner, og med Noas innfallsrike fremføring i ørene trenger du knapt Swix Blå for å få fremdrift i skiløypene.

GRAVSTELL

Ønsker du hjelp til å stelle graven?

Vi rydder etter vinteren, og kan plante til påske og 17.mai, sommer og høst, kan legge på vinterdekke og ev mosekrans. Du kan velge noen eller alle av plantingene.

Vi sender foto til mobilen din hver gang vi har gjort noe på graven.

GRAVSTELL BERGEN DA
92083093 - 92282060

ADVOKATGRUPPEN BERGEN

• Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv
• Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.

Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no • www.agbergen.no





«Hold fast hvad du har!»

Eg vaks opp i gamle Fana kommune med foreldre som kom frå landsbygda. Som barn gjekk eg og ein del av dei andre borna i nærmiljøet på søndagsskulen i gamle Birkelund kafé, som låg i nærleiken av Fantoft stavkyrkje.

AV JORUNN HAUKÅSE

Kvar søndag gjekk me på søndagsskulen. Der fekk me høyra bibelforteljingane om Jesus og fekk stjerner i søndagsskulekortet. Stjernene var viktige, for i kortet var det bilete av Jesus som fiska med eit garn.

Eg skjønna vel kanskje ikkje den gong at dette skulle tyda at Jesus var ein menneskefiskar, og kva som låg i det omgrepet, men eg likte å springa av garde om søndagsmorgonen for å høyra søndagsskulelæraren vår som fortalde om Jesus.

Eg er døypt og konfirmert i Storetveit kyrkje. Konfirmantkullet mitt utgjorde 160 ungdomar. Me hadde undervisning med presten tre gongar i månaden, og ein gong i månaden vart me delt opp i mindre grupper med gruppeleiarar.

Ein av songane som vart brukt i konfirmasjonstida og under konfirmasjonen, var denne, skriven av Jonas Dahl: «*Hold fast hvad du har! / Du fikk da som barn de til dåpen dig bar / En rett til Guds rike, en høiættet arv / Med adgang til alt som kan tjene din tarv: / Guds nåde og styrke og frihet og fred / Til solen går ned*».

Då konfirmasjonstida var over, fekk me tilbod om å starta i ungdomsklubben i Storetveit menighet. Klubben vart ein viktig plass å vera. Me var delt inn i grupper på 6-10 personar, og kvar gruppe hadde ein gruppeleiar og ein assistent som stod for innhaldet.

Filosofien i klubben var at unge leier unge. I klubben var det mange aktivitetar. BBB var ein. Det stod for Bibel, Bøn og



UNGDOMSKLUBB I KYRKJA «Det å ha ei trygg ungdomstid i lag med jamaldringar var viktig» skriv Jorunn Haukås. (Illustrasjonsfoto: Nora-Marie Bore Tvedt)

Brorskap. Her drøfta ein bibeltekstar, bad saman og hadde eit kristent fellesskap.

På gruppemøte og fellesmøte song me mykje, hadde leikar, var mykje ute i naturen, og reiste på turar i lag, og me hadde eigne ungdomsgudstenester. Det å ha ei trygg ungdomstid i lag med jamaldringar var viktig.

Heime hadde dei respekt for kyrkja og det ho stod for. Om ikkje dei gjekk så ofte til kyrkje, høyrde dei alltid på gudstenesta i radioen eller på fjernsynet kvar einaste søndag. Dette var viktig for foreldra mine, og det var viktig for meg. Derfor står fyrste linja i ein av konfirmasjonssalmene framleis sterkt i meg : «Hold fast hvad du har!»



Musikkshow med Jarle Waldemar

Tradisjon tru inviterer Arna og Ytre Arna kyrkje kvar vår til konsert med Jarle Waldemar.

Jarle Waldemar brenn for å formidle evangeliet gjennom kreative preiker og song. Hans sprudlande og livsglade formidling av tru og liv har vore til inspirasjon og oppmuntring for mange. Saman med kona har han i 15 år laga produkt med kristen profil. Les meir på www.jarlewaldemar.no

På konserten har han med seg barnekora i Betania, Ytre Arna kyrkje og Arna bedehus. Om du tek med deg born og barneborn, kan vi lova deg mykje fin musikk og godt innhald! Arrangementet passar for alle og er gratis. Det er mogleg å gje ei gåve.

Arna kyrkje, laurdag 27. april kl. 13



Lys, frelse, og liv

No lir det snart mot vår, og allereie kan vi merke at det er lysare tider. Det er ikkje lenger slik at det er mørkt når vi går til jobb om morgonen og like mørkt når vi kjem heim att.

AV MARTHE KRISTINE ØSTERUD BJERKE

Vi går frå vinterens mørker til vår og lysare tider. Årstidas skifting frå mørker til lys gir oss også eit glimt av påskebodskapen: at Gud gjorde mørker, synd og død om til lys, frelse, og liv.

I omkring eit halvt år har eg høyrte mykje på salmen «Hill deg, Frelser og forsoner!». Det er Grundtvig som har skrive han, og i salmeboka vår står han som nummer 173 under tematikken langfredag. Salmen formidlar evangeliet i det som skjer langfredag, og at Jesu lidning og hans død på krossen er for våre synder.

Og kva med oss? Jo, vi har krona Jesus med tornekrona. Likevel forsakar Jesus alt for vår skuld og «smaker korssets død i alles sted».

Denne Grundtvig-salmen har eg oppdaga er blitt ganske populær å syngje i meir frikyrkjelege miljø. Den er blitt arrangert i ny drakt og spela inn på eit lovsongsalbum som Filadelfiakyrkja i Oslo har gjeve ut.

Eg likar godt lovsongsjangeren, og denne lovsongen har eg høyrte masse på. Eg synest det er fint når gamle salmar med rikt innhald får ei ny drakt. Akkurat slik vi gjorde med konfirmantane i Arna i februar då vi hadde «Alle tiders salmar» og gav ny drakt til gamle salmar.

I kyrkja må vi heile tida finne måtar å formidle evangeliets budskap om frelse og forsoning som gjev meining for dagens menneske. Det er litt som med desse gamle salmane: innhaldet er det same, men drakta og uttrykket er litt annleis.

Påskas budskap om at Jesus døydd på krossen for våre synder og at han stod opp igjen for at vi skal ha evig liv, er verdas viktigaste budskap. Det handlar om alle menneskes frelse. Vi som kristne er kalla til å forkynne denne budskapen for dei som ikkje har høyrte det. Korleis kan vi formidle denne glade budskapen for folk i Arna i dag?

At det no lir mot vår, betyr også at mi tid i Arna (og på Osterøy) går mot slutten. 31. mars er siste arbeidsdagen min før eg tek fatt på jobben som vikarierende sokneprest i Kampen kyrkje i Stavanger. Det gjekk ikkje eigentleg opp for meg før langt ut i mars at eg skal forlate Arna. Eg har trivest utruleg godt med å bu og arbeide i Arna. Det er ein plass med så mange gode folk, og eg har verkeleg opplevd å bli godt motteken.

Arna er ein levande kyrkjelyd med mange frivillege og tilsette som ynskjer å sjå at evangeliet vert forkynt i både ord og handling. Eg har sett stor pris på fellesskapet i kyrkjelyden, gode samtalar med både frivillege og kollegaer, samt møte med menneske i både glede og sorg.

Eg kjem alltid til å minnast tida i Arna med glede, og eg er glad for at dette var min fyrste arbeidsplass som prest. Eg kjem til å sakna Arna og folka her, og sjølv om eg er ein bokmålsperson (eg kjem trass alt frå Oslo), kjem eg også til sakna nynorsk liturgi!

No venter nye arbeidsoppgåver på meg i Stavanger, og til sommaren gler eg meg til å gifta meg! Til sist vil eg helse dykk alle med siste vers av Grundtvig sin salme:

Ja, jeg tror på korssets gåte,
gjør det, Frelser, av din nåde.
Stå meg bi når fienden frister,
rekk meg hånd når øyet brister,
si: Vi går til Paradis!

SLEKTERS GANG

Døpte:

ARNA SOKN

27. JANUAR
ISABELLA NELSON ELVIK
ELIDA HAUGLAND LANGHELLE
JONAS HANSEN LOFTÅS
SONJA MARIA SUNDT

10. FEBRUAR

TIMIAN FONDENES DYBBERG
MATHEO GJERSTAD-GRYTØYR
EMIL ALEXANDER DRABLØS HJØRNEVIK
VILDE HAMMERSLAND KALLAND

24. FEBRUAR

MIA SKRIUDALEN HÅBREKKE
NOAH STOKNES HEMRE

YTRE ARNA SOKN

24. FEBRUAR
OLIVER ENDRESEN RIVENES
EMMA RYLAND-THORSEN (ARNA KYRKJE)

Døde:

ARNA SOKN

Gravferd:
08.02.2019 SONJA LILLIAN JØRGESEN
08.02.2019 DAGMAR KALSÅS
12.02.2019 INGEBORG BEFRING
14.02.2019 MARIT FLATABØ LAVIK
15.02.2019 ODD AASHEIM
21.02.2019 LEIF GUTTORM MONSEN
26.02.2019 FINN LÆGREID
14.03.2019 JOHANNE-MARGRETHE LARSEN
15.03.2019 HARRIET HEKLAND
15.03.2019 ANNE BRITT WÆHLE

YTRE ARNA SOKN

28.02.2019 VIGDIS BRANDSDAL
21.03.2019 HILDA STAMNESHAGEN


Nye retreatkveldar i Takvam kapell

Tidlegare har Arna kyrkjelyd arrangert retreatkveldar i Arna kyrkje – til dels i ramma av «Tomasmesse». Etter ein pause på nokre år, er retreatkveldane tilbake – no i Takvam kapell.

Den fyrste gjekk av stabelen torsdag 7. mars. Ein fin flokk var samla, og det gav meirsmak! Det er planlagt tre nye retreatkveldar: 2. mai, 12. september og 24. oktober. Alle begynner kl. 19.



Takvam kapell (foto: B. Ystebø)



Velkommen til kyrkje

07.04.2019

4. søndag i fastetida Joh 6,24-36

Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Øystein Skauge. Nattverd. Konfirmanddeltaking/ fasteaksjonen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Samtale-gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Sundagsskule. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

14.04.2019

Palmesundag Joh 12,1-13

Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

18.04.2019

Skjærtorsdag Joh 13,1-17

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, Nattverd. Takkoffer til NLA Høgskolen.

Arna kyrkje kl. 18.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken - norsk kirke i utlandet.

19.04.2019

Langfredag Matt 26,30-27,50

Arna kyrkje kl. 11.00: Langfredagsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Kl. 10.30: Orgelresitasjon.

Ytre Arna kyrkje kl. 17.00: Langfredagsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen.

21.04.2019

Påskedag Joh 20,1-10

Arna kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til misjonsprosjektet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd. Takkoffer til misjonsprosjektet China Lutheran Seminary. Sundagsskule.

22.04.2019

2 påskedag Joh 20,11-18

Betania bedehus, Lone kl. 11.00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd.

24.04.2019

Onsdag etter Påskedag

Arna kyrkje kl. 19.00: Klubb-gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen.

28.04.2019

2. søndag i påsketida Joh 20,24-31

Arna kyrkje kl. 11.00: Temagudsteneste: Riktig mann på riktig plass. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, nattverd. Takkoffer til Sandomstiftelsen. Sundagsskule.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

01.05.2019

1. mai Matt 20,25-28

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: 1. mai-gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Takkoffer til Tore Eikeland's legat.

05.05.2019

3. søndag i påsketida Mark 6,30-44

Arna kyrkje kl. 10.30 og 12.45: Konfirmasjonsgudstenester. Marthe Kristine Østerud Bjerke. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

11.05.2019

Laurdag etter 3. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 10.30 og 12.45: Konfirmasjonsgudstenester. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

12.05.2019

4. søndag i påsketida Joh 14,1-11

Arna kyrkje kl. 10.30 og 12.45: Konfirmasjonsgudstenester. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

17.05.2019

17. mai Luk 17,11-19

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Takkoffer til Kristent interkulturelt arbeid.

Arna kyrkje kl. 11.30: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til For livsrett og menneskeverd.

19.05.2019

5. søndag i påsketida 1 Kong 8,12-13.27-30

Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, Nattverd. Sundagsskule. Takkoffer til misjonsprosjektet China Lutheran Seminary.

22.05.2019

Onsdag etter 5. søndag i påsketida

Arna kyrkje kl. 19.00: Klubb-gudsteneste. Ingvar Fløysvik.

26.05.2019

6. søndag i påsketida Matt 6,7-13

Bjornarhallen kl. 11.00: Felles familie-gudsteneste. 24-t-festival.

30.05.2019

Kristi Himmelfartsdag Joh 17,1-5

Arna kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til MAF/ Mission Aviation Fellowship.

02.06.2019

Sundag før pinse Joh 16,12-15

Arna kyrkje kl. 11.30: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Kl. 10.30: Kyrkjefrukost.

YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR

Tlf: 55 36 22 70

E-post: arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Postadresse: Arna kyrkjekontor
Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Heimeside Arna kyrkjelyd: www.kirken.no/bergen

Heimeside Ytre Arna kyrkjelyd:
kyrkja.no/ytrearna

Arna kyrkjelyd på Facebook:
www.facebook.com/arnakyrkje

Ytre Arna kyrkjelyd på Facebook:
www.facebook.com/ytrearna

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?

Kontonummer Arna: 3633.07.10831, VIPPS 11237
Kontonummer Ytre Arna: 3633.30.02625

Besøksadresse: Lakslia 21, (Kyrkjelydshuset
Indre Arna

Opningstid: Tysdag til fredag 10 – 14
Torsdag 10-13

Kirketorget i Aasegården tar i mot henvendelser
ang. dåp, vigsel og gravferd: Tlf.: 55 59 32 10.

Soknerådsleiar Arna: Kari Secher

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jorunn Haukås

DEI TILSETTE I KYRKJELYDANE

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen

Epost: jj656@kirken.no
Tlf: 55 36 22 74
Tlf: 913 95 712

Sokneprest Ingvar Fløysvik

Epost: if952@kyrkja.no
Tlf: 55 36 22 75
Tlf: 916 06 626

Kateket Cathrine Snipsøy

Epost:cs262@kirken.no
Tlf: 55 36 22 72

Adm.leiar i Arna: Marianne W. Fanebust

Epost:mf934@kirken.no
tlf: 55 36 22 71

Adm.leiar og medarbeidarkoordinator
i Ytre Arna: Bente Veve

Epost: bv467@kyrkja.no
Tlf: 55 36 22 73

Medarbeidarkoordinator Arna
Møyfrid Opheim

Epost: mo532@kirken.no
Tlf 55 36 22 78

Trusopplærer i Arna: Gro Eman

Epost: ge427@kirken.no

Kyrkjetenar Monica Ohr

Epost: mo886@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 76

Diakon Ytre Arna: Marit Bjørsvik

Epost: mb588@kyrkja.no
Tlf.: 480 23 145

Kantor i Arna: Olav Arne Steinkopf,

Epost: os377@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 98

Kantor i Ytre Arna: Bjørn Bergmann

E-post: bjorn.bergmann@bkkfiber.no

Marianne Hjortland trusopplærer
og diakonimedarbeidar

E-post: mh798@kyrkja.no
Tlf.: 55 36 22 95

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Arna kyrkjekontor, Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktøransvar: Magne Fonn Hafskor
mobil: 92294877 / epost: eyecu@online.no

Annonseansvarlig: Torill Hatlebrekke Husebø
Mobil: 995 50 787 / epost: thh@bkkfiber.no

Lokal redaksjonsnemnd: Tor Oddvar Holmefjord,
Ingvar Fløysvik og Harald Haugsvær.

Blad nr. 3-2019 kjem ut torsdag 23. mai.
Frist for levering av stoff er: fredag 3. mai..

Redaksjonen blir avslutta: fredag 10. mai.

Redaksjon kyrkjelydsblad Arna:
tor.holmefjord@bkkfiber.no



24 Hours Festival 2019:

Opplevinga du ikkje kan gå glipp av

Tradisjonen tru skal Stiftelsen Skjærgårds saman med lokale kyrkjer og bedehus også i år arrangere 24 Hours Festival i Bjørnarhallen. I år kjem også Viggo Klausen.

AV GRO EMAN

24 Hours Festival er ein festival som varer i 24 timar, og samlar mellom 150 og 200 barn og over 100 frivillige. Programmet vekslar mellom aktivitetar og sceneprogram, kalla «stage». Det vil bli musikk, dans, samtale, kreativ forkynning, leikar og konkurransar. I tillegg blir det pressa inn mat og søvn, men det er berre så vidt.

– Den 24 timer lange festivalen er bygd opp for å gje barn og unge ei spennande, engasjerande og utfordrande festivaloppleving, seier Ingrid Brandsæter, koordinator for 24 Hours Festival.

Her får barna møte fellesskap, Jesus og aktivitetar dei sjeldan møter andre plassar, i trygge omgjevnadar. Bilane blir proppa fulle av hoppeslott og andre gøye aktivitetar. Det blir arrangert mellom 16 og 20 festivalar i året i Noreg.

Samarbeidet med den lokal arrangøren, som igjen ofte er samarbeid på tvers av kyrkjer og bedehus, gjer festivalane moglege. 24 Hours ønskjer å vere ein ressurs og eit bidrag som kan løfte det lokale arbeidet til nye høgder og gje både barn og vaksne leiarar ei oppleving utanom det vanlege.

– Vi håpar at dette igjen vil føra til eit positivt engasjement inn i det faste barne- og tweens-arbeidet, seier ho.

Hovudmålgruppa for festivalen er gutar i den såkalla «tweensalderen» 9-13 år, men jenter er også sjølvsagt velkomne. Mange kyrkjer og barnarbeid erfarer at dei ikkje har nok tilbod tilpassa denne målgruppa. Ikkje minst i arbeidet med å byggja opp ei 18-årig trusopplæring opplever mange forsamlingar 24 Hours som eit avgjerande innspel.



POPULÆR FESTIVAL: Det er lett å invitere med seg også barn og unge som ikkje er så vane med å gå i kyrkja til 24 Hours Festival. (Foto: Stiftelsen Skjærgårds)

Det er viktig for Stiftelsen Skjærgårds å gje rikeleg med rom for aktivitetar, hoppeslott og moro på festivalen, i tillegg til å ha ei tydeleg forkynning.

– Gud har skapt oss til å ha det gøy, saman med kvarandre og i rammene av hans kjærleik.

Forkynninga på 24 Hours Festival skal vere tydeleg, enkel og relevant, og gje ei trygg og god ramme rundt aktivitetane. Tilbakemeldingar viser at mange barn og vaksne synest det er lett å invitere med seg også barn og unge som ikkje er så vane med å gå i kyrkja til 24 Hours Festival.

Vil du vere med å gjere denne festivalen mogleg? Her trengs mange frivillige.

Det trengs 20-40 gruppeleiarar, nokon til å hjelpe med servering, dørvakter, forbedarar, nattevakter, helsepersonell, vakse nærvær, rigging av utstyr, spon-sorar, registrering, reinhald med meir.

Du bestemmer sjølv om du ønskjer å vere med eit par timar eller på større delar av festivalen. Alder på frivillige er frå ungdom til dei eldste pensjonistane. Fredag kveld samlast ungdomane til sosialt, pizza, utprøving av hoppeslott og opplæring i oppgåvene som ventar. Festivalen blir avslutta med felles økumenisk gudsteneste for alle aldrar i Bjørnarhallen kl. 11.

Årets 24 Hours Festival vert halden i Bjørnarhallen 25.-26. mai. Meir informasjon: 24festival.no.